

SPRÅKRÅDET

330-01
4
2005/03580

Barne- og famildepartementet

REF.

VÅR REF.

DATO

250

200500582-1/syl

07.11.2005

Høyringsmerknad – forslag til rammeplan for barnehagen

Språkrådet ser at forslaget er sendt rundt til om lag 600 høyringsinstansar. Me er overraska over at Språkrådet ikkje er blant desse, men veit at det er open høyring, og at det difor er høve til å koma med merknader til denne teksta som skal regulera barnehagens innhald og oppgåver i åra framover.

Det er to stader Språkrådet hadde venta det skulle ha stått noko om kor viktig det er med stimulering av morsmålet (som for det store fleirtalet av barna er norsk), og det er i kapittel 3 om barnehagens verdigrunnlag og i kapittel 6, som dreiar seg om 'Språk, tekst og kommunikasjon'. Me kan ikkje tru at stimulering av morsmål og haldning til bruk av norsk i Noreg er så sjølvsegde verdier at dei ikkje treng å omtalast. Difor verkar det underleg at det står ei tredels side om omsynet til samisk i teksta om 'overordnede oppgaver' (det er bra!), medan norsk språk ikkje blir omtalt i det heile. Det næraste teksta nokon stad kjem verdispørsmål og haldningar knytt til bruk av språk i Noreg, er siste punkt under 6.2 ('velge bøker og medier med tanke på hvilke verdier og holdninger som formidles').

Om det er ei rein utegløyming at norskspråkleg stimulering og påverknad ikkje er omtalt i utkast til rammeplan, er det likevel ganske alvorleg, fordi det då er eit uttrykk for at ein ikkje har tenkt over kor grunnleggjande arbeidet i barnehagane er for norskens framtid i Noreg.

Språkrådet la for to veker sidan fram eit dokument som skisserer utfordringane for ein strategisk språkpolitikk (for første gong har dette landet hatt ein språkkommisjon i arbeid som ikkje har drøfta rettskriving). I dette dokumentet er ein av konklusjonane ikkje uventa at det som skjer i barnehage og grunnskole er mykje viktigare for norskens stilling i vårt samfunn enn det som seinare skjer i høgre utdanning og i næringsliv. Viss styresmaktene meiner at det norske skriftspråket er verdt å takast vare på, må haldningsarbeidet hos barn prioriterast. Skal barnehagen vera verdinøytral i eit så grunnleggjande spørsmål? Dette må ikkje tolkast som at me ser føre oss 'norskundervisning' i barnehagane. Men berre fantasien set grenser for kor flotte, interessevekkjande og haldningsbyggjande aktivitetar ein kan driva. (Å syngja norske sanger, ikkje engelske, er av det meir opplagde slaget.)

Me ser det ikkje som vår oppgåve å koma med framlegg om formuleringar. Men me vonar at dette innspelet blir teke opp, og me stiller gjerne opp til samtale om temaet dersom det er ønskeleg.

Sylfest Lomheim

Sylfest Lomheim
direktør